
Vår referanse 2020/37734-14
Dato 30.10.2020

INNOVASJON NORGE
Postboks 448 Sentrum
0104 OSLO

Ekstra oppdragsbrev til Innovasjon Norge Vestland frå Vestland fylkeskommune - oktober 2020

Vestland fylkeskommune har fått i oppdrag av Kommunal- og moderniseringsdepartementet å overføre ekstra investeringstilskot til distrikta gjennom Innovasjon Norge Vestland. Jamfør brev frå KMD, datert 19.10.2020, tilsagnsnummer 510.012.

Det vert med dette overført kr 10.747.000 til Innovasjon Norge Vestland.

Midla er øyremerka investeringstilskot i distrikta, og er knytt til ramma på kap 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling.

Midla skal stimulere til utvikling av gode prosjekt, som kan gje grunnlag for lønsam utvikling når Noreg beveger seg ut av korana-krisa.

Midla er primært retta mot reiselivsbedrifter. Men det er eit rom for regional tilpassing av innsatsen ut frå regionale behov og prioriteringar.

Vestland fylkeskommune gjorde eit vedtak i fylkesutvalet 26.03.2020, sak 42/2020, der ein sette fokus på å dempe konsekvensane av koroana-pandemien. I den forbindelse fekk Innovasjon Norge Vestland tildelt midlar.

Vestland fylkeskommune ber om at Innovasjon Norge Vestland nyttar desse nye ekstramidla til bedrifter og bransjer som har fått utfordringar på grunn av korona-pandemien, jamfør bestillinga i samband med vedtaket i fylkesutvalet. Til dømes til reiselivsbransjen.

Det er likevel viktig å presisere at midla skal vere med og leggje grunnlaget for omstilling og berekraftig verdiskaping i næringslivet i Vestland.

Ellers gjeld opprinneleg oppdragsbrev frå Vestland fylkeskommune til Innovasjon Norge Vestland for 2020.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift